



Britt-Nina og Morten Kvamme  
Rosslandsvegen 1263  
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/324 - 17/5421

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

17.03.2017

## Krav om utsatt iverksetting - GBNR 43/25 - Opparbeiding av snuplass - Ryland

Det vert vist til e-post frå dykk, journalført motteke 15.3.2017, der de klaga på løyve til opparbeiding av snuplass på gbnr. 43/25. Løyvet som vart klaga på er datert 9.3.2017, saknr: 63/2017. Det vart saman med klaga stilt krav om utsatt iverksetting av løyvet.

Hovudregelen for eit forvaltningsvedtak er at det trer i kraft frå det tidspunktet vedtaket er fatta og meldt til vedkommande part. Vedtaket vil då straks kunne gjennomførast. Det følgjer likevel av forvaltningslova (fvl) § 42 første ledd første setning at «*[u]nderinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort.*»

Ei beslutning om at eit vedtak skal gis utsatt iverksetting er ei avgjerd etter fritt skjønn, og adgangen til å beslutte utsatt iverksetting er grunngeve i omsynet til rettsikkerheit. Ved å beslutte utsatt iverksetting kan ein hindre at gjennomføring av vedtaket medfører uoppretteleg skade eller tap.<sup>1</sup>

Det må i vurderinga takast omsyn til verknaden av at vedtaket vert sett i verk straks. I følgje Sivilombudsmannen må «*avgjørelsen (...) måtte bero på et helhetlig skjønn basert på en foreløpig vurdering av klagen og av de ulike interesser og forhold knyttet til selve klagesaken.*»<sup>2</sup>

I vedtak datert 9.3.2017, saknr: 63/2017, har Meland kommune gjeve løyve til opparbeiding av ein snuplass, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål (landbruksveiforskrifta). Ved ein inkurie er det vist til §§ 3-3 og 3-4. Riktig føresegn er §§ 3-3, jf. 3-2. Snuplassen er tenkt nytta 70 % til skogbrukformål og 30 % til jordbruksformål og skal plasserast på eit eldre beite som ikkje har vore i drift på fleire år.

Klagar viser til at det omsøkte tiltaket utgjør eit stort inngrep i terrenget, samt stor forskjell på høgdenivå. Alternativ plassering på andre sida av vegen ville ikkje utgjort eit like stort inngrep i terrenget etter deira

<sup>1</sup> Kommunaldepartementet i rundskriv H-17/92

<sup>2</sup> Sivilombudsmannen si årsmelding 1985 s. 154

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

oppfatning. Dei viser til at det vil vere meir økonomisk å plassere snuplassen på andre sida av vegen på grunn av mengda skog som skal takast ut, og viser også til at det ikkje er teke omsyn til barns sikkerhet i vurderinga.

Ein landbruksveg er ein veg for landbruksformål eller der landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen, jf. landbruksveiforskrifta § 1. For snuplassen det er gjeve løyve til utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen. Administrasjonen vurderte det slik at det var betre å plassere snuplassen på eit beite som ikkje var i drift i staden på eit areal som er fulldyrka og/eller overflatedyrka jord som vert nytta til slåttemark. Det var i tillegg administrasjonen si vurdering, etter synfaring, at ei plassering på andre sida av vegen ville medføre større terrenginngrep på grunn av større høgdeforskjellar i terrenget.

Etter ei foreløpig vurdering av klaga kan administrasjonen ikkje sjå at det ligg føre tilhøve som tilseier at vedtak datert 9.3.2017 ikkje er i samsvar med landbruksveiforskrifta.

Fordi klagar var bekymra for sikkerheita under opparbeiding av snuplassen, var representantar frå Meland kommune på synfaring på eigedomen den 15.3.2017. Det vart ikkje stilt krav til sikring frå kommunen si side, men tiltakshavar valte likevel å setje opp sikringsgjerde. Administrasjonen finn ikkje grunnlag for å vurdere sikkerheita ved bruken av snuplassen i denne omgang, men tilhøva vil bli vurdert under handsaming av klaga.

Iverksetting av vedtaket i denne saka vil ikkje medføre uopretteleg skade eller tap, då terrenget kan tilbakeførast med enkle grep viss ein ved handsaming av klaga kjem til at det ikkje kan gis løyve til den omsøkte snuplassen. Utsatt iverksetting vil på si side kunne få økonomiske konsekvensar for grunneigar då opparbeiding av snuplass, og bruken av denne, vert forsinka.

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen ikkje grunnlag for å gje utsatt iverksetting av vedtak datert 9.3.2017, saknr: 63/2017. Vi gjer merksam på at tiltakshavar har risikoen med å iverksette opparbeiding av snuplassen før klaga er endeleg handsama, og at administrasjonen med dette ikkje har teke stilling til realiteten i klagesaka.

Ei avgjerd om å gje utsatt iverksetting etter fvl § 42 er ikkje eit enkeltvedtak, men ei prosessledande avgjerd som ikkje kan klagast på.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Arvid Ryland

**Mottakere:**

Britt-Nina og Morten Kvamme

Rosslandsvegen 5917  
1263

ROSSLAND